

Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/8818-23

## **Reglement og rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 1, med verknad frå 1. januar 2017.
2. Rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 2, med verknad frå 1.januar 2017.

### Vedlegg:

1. Framlegg til reglement for finans- og gjeldsforvaltninga – Sogn og Fjordane fylkeskommune
2. Framlegg til rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga – Sogn og Fjordane fylkeskommune
3. Kvalitetssikring frå Finøk AS – kvalitetssikring av Sogn og Fjordane fylkeskommunes finansreglement og rutinar for finansforvaltninga.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

I forskrift om «kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning» (finansforskrifta) § 2 står følgjande:

«Kommunestyret og fylkestinget skal selv gi regler for kommunens eller fylkeskommunens finansforvaltning.

Reglementet skal vedtas minst en gang i hver kommunestyre- og fylkestingsperiode.»

Vidare står det i § 8:

«Det skal etableres administrative rutiner som sørger for at finansforvaltningen utøves i tråd med finansreglementet, gjeldende lover og denne forskrift, og at finansforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll. Det skal etableres rutiner for vurdering og håndtering av finansiell risiko, og rutiner for å avdekke avvik fra finansreglementet.

Kommunestyret og fylkestinget skal påse at uavhengig instans med kunnskap om finansforvaltning vurderer rutinene.

Kommunestyret og fylkestinget skal påse at slike rutiner er etablert og etterlevs.»

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har i tillegg komme med forslag til endring i finansforskrifta med høringsfrist 01.09.2016. Endringane vil tre i kraft frå 1. januar 2017.

Fylkesrådmannen legg no fram reglement for finans- og gjeldsforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune (finansreglementet) og tilhøyrande rutinar til politisk godkjenning. Det er teke omsyn til KMD sine endringsforslag i finansforskrifta i dette framlegget til finansreglement.

### **Finansreglementet**

Gjeldande finansreglement har låg risikoeksponering. Dette er ein bevisst strategi som tek omsyn til fleire moment, blant anna:

- Fylkeskommunen forvaltar offentlege midlar og har eit ansvar for å ikkje ta for stor risiko.
- Fylkeskommunen er avhengig av å ha tilstrekkeleg med likvide midlar tilgjengeleg for å møte betalingsforpliktingar.
- Finansforskrifta stiller krav om at det til ei kvar tid skal vere tilstrekkeleg kompetanse innan fagfeltet i eigen organisasjon. Ein meir kompleks finans- og gjeldsforvaltning enn det som no vert lagt fram, vil i tilfelle krevje ytterlegare kompetanse og kapasitet.

Med bakgrunn i desse momenta, som framleis vert vurdert som aktuelle, har fylkesrådmannen ikkje tilrådd store endringar i finansreglementet. Det er verdt å nemne at grad av risiko og avkastningspotensial må sjåast i samanheng, og fylkesrådmannen har vore nøgd med avkastninga ut frå gjeldande rammer i sine rapporteringar på finansporteføljen.

Av tilrådde endringar er forvaltninga av ledig likviditet blitt utvida til også å definere rammer for mellomlang likviditet. Når det gjeld forvaltning av låneporteføljen er det gjort endringar knytt til berekning av rentebindingsandel og avgrensing av refinansieringsrisiko. Fylkesrådmannen meiner dei tilrådde endringane ikkje gir vesentlege endringar i risikoprofilen i høve gjeldande reglement.

Fylkesrådmannen vil opplyse om at det er utarbeidd eit definisjonsark som definerer faguttrykk som er brukt i reglementet. Definisjonsarket er eit vedlegg til finansreglementet. Fylkesrådmannen viser til dette vedlegget dersom det i saksframstillinga er nytta faguttrykk som treng nærare forklaring.

Fylkesrådmannen vil også nemne at det har vore kontakt med ulike fagmiljø i arbeidet med reglementet.

Nedanfor vert det gjeve ei nærare grunngjeving for dei tilrådde endringane i finansreglementet.

#### Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål (punkt 6 i reglementet)

Fylkeskommunen har den siste tida hatt god likviditet, og fylkesrådmannen vurderer det slik at deler av den ledige likviditeten ikkje treng nyttast til å dekke løpande forpliktingar på kort sikt. I gjeldande finansreglement har fylkeskommunen kun mogelegheit til å plassere ledig likviditet i bank og konservative pengemarknadsfond (låg risiko). Dersom det er ønskjeleg å oppnå ei høgare forventa avkastning på delar av likviditeten må rammene utvidast. Utvida rammer betyr også høgare risiko.

Fylkesrådmannen meiner at sjølv om fylkeskommunen tek noko meir risiko ved å utvide plasseringsrammene, er dei tilrådde endringane innanfor eit akseptabelt risikonivå. Forvaltninga av ledig likviditet vert tilrådd delt inn i kort- og mellomlang likviditet. Plasseringsrammene for kort likviditet er i samsvar med gjeldande reglement, medan det vert eit nytt punkt – pkt. 6.2 – som tek føre seg plasseringsrammene for mellomlang likviditet.

Den mellomlange likviditeten kan plasserast i pengemarknadsfond og korte obligasjonsfond, og det vert akseptert ein høgare rente- og kredittrisiko. Pkt. 6.2.1 definerer rammene for pengemarknadsfond, medan pkt. 6.2.2 definerer rammene for korte obligasjonsfond.

Den auka kredittrisikoen inneberer hovudsakleg at vi opnar for noko lenger gjennomsnittleg løpetid for kreditten (kredittdurasjon) og opning for at ansvarlege lån<sup>i</sup> frå finansinstitusjonar kan utgjere inntil 15 % av porteføljen. Når det gjeld korte obligasjonsfond vert det i tillegg godteke ein auka renterisiko ved å akseptere ei noko høgare rentefølsemd.

---

<sup>i</sup> Ansvarleg lån i bankar og kredittføretak ligg risikomessig mellom vanlege lån og eigenkapitalen.

Fylkesrådmannen vurderer desse rammene som forsvarlege då desse plasseringane i utgangspunktet skal ha ein lenger tidshorisont (minst 2 år), samtidig som dei ikkje gir nokon vesentlege endringar i risikoprofil.

#### Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument (punkt 7.5 i reglementet)

Fylkesrådmannen har føreteke ei samla vurdering av fylkeskommunen sin risiko knytt til renteendringar. Konklusjonen er at fylkeskommunen rentesikrar ein for stor del av lånegjelda. Ei «oversikring» kan medføre ein meirkostnad, og ved berekning av rentesikringsdel bør fylkeskommunen ta omsyn til den delen av lånegjelda som ikkje har direkte renterisiko. Det har også kome eksterne innspel på dette.

Så langt har ikkje fylkeskommunen teke omsyn til rentekompensasjonsordningane for skulebygg og fylkesveg ved berekning av rentesikringsdel. Dette vert no tilrådd endra slik at rentebindingsdel vert berekna ut frå netto renteberande gjeld. Netto renteberande gjeld vert definert som lånegjeld ekskl. investeringsramma som vert rentekompensert.

#### Storleik på enkeltlån – spreining av låneopptak og forfall (punkt 7.6)

Fylkeskommunen har dei seinare åra auka bruken av sertifikat- og obligasjonslån som finansiering. Hovudårsaka til dette er betre rentevilkår. Sertifikat- og obligasjonslån har kort løpetid, og når desse låna forfell må dei som hovudregel refinansierast. Auka bruk av sertifikat- og obligasjonslån medfører ein auka refinansieringsrisiko.

KMD har også sett at kommunesektoren har auka bruken av sertifikat- og obligasjonslån og vil innføre strengare krav til avgrensing av refinansieringsrisiko i finansforskrifta. Fylkesrådmannen meiner det difor er riktig å etablere rammer i høve refinansieringsrisiko. I framlegget er det innarbeidd to nye punkt – pkt. 7.6 b) og c) - som gjev rammer for storleiken på låneopptaka samt krav til spreining av forfallstidspunkta til låna.

Som følgje av dette er det også ei endring i punkt 7.7 *rapportering* i finansreglementet. Det er her lagt til eit nytt punkt som seier at fylkesrådmannen skal rapportere på verdien av lån som kjem til forfall og må refinansierast innan 12 månader.

### **Langsiktig finansielle aktiva**

Punkt 8 i finansreglementet omtalar forvaltning av fylkeskommunen sine langsiktige finansielle aktiva. Forvaltning av denne typen aktiva har som føremål å sikre ein langsiktig avkastning som kan bidra til å gi innbyggjarane i Sogn og Fjordane eit godt tenestetilbod. Sogn og Fjordane fylkeskommune har så langt ikkje rammer for plassering av langsiktig finansielle aktiva, og det vert ikkje tilrådd nokon endringar på dette. Fylkesrådmannen vurderer det slik at etablering av rammer for denne forvaltningstypen, med føremål om ein høgare forventa avkastning, vil gi vesentlege endringar i fylkeskommunen sin risikoprofil og fylkesrådmannen ønskjer ikkje å ta meir risiko utover det som no er innarbeidd i finansreglementet, jf. strategi innleiingsvis.

Vidare vil fylkesrådmannen nemne at føremålet bak fylkeskommunen sin eigarskap i ulike selskap varierer etter kva type aktivitet verksemda har, jf. den årlege eigarmeldinga. Eit av desse føremåla er å sikre god avkastning på investert kapital. Sjølv om denne typen eigarskap er finansielt motivert, er det ofte andre føremål som også er avgjerande for investeringane (sikre tenestetilbod, arbeidsplassar mv.). Vidare vert både nye og ev. endringar av eigarskap handsama av eit politisk organ. Fylkesrådmannen vurderer det difor slik at fylkeskommunen sin eigarskap i selskap ikkje er ein del av plassering og forvaltning av fylkeskommunen sine aktiva, og vert ikkje omfatta av finansreglementet.

### **Rutinar for finansforvaltninga**

Som følgje av endringar i finansreglementet vert det gjort endringar i rutinane for finans- og gjeldsforvaltninga.

Ettersom delar av den ledige likviditeten no vert definert som mellomlang vert pkt. 5.1.1 endra for å ta omsyn til vurderingane knytt til tidshorisonten til den ledige likviditeten. I framlegget til rutinar kjem det no fram kor ofte og kva som skal gjerast i høve likviditetsoppfølginga. Vidare vert

det sett ei beløpsgrense for kor mykje av den mellomlange likviditeten som kan plasserast innfor rammene til den mellomlange likviditeten.

Slik fylkesrådmannen vurderer det er det ikkje nødvendig å endre gjeldande rutinar knytt til innlån og gjeld.

### **Kvalitetssikring**

Både finansreglementet og rutinar skal vurderast av uavhengig instans før vedtak i fylkestinget. Finøk AS v/Jan Petter Jørgensen har kvalitetssikra framlegg til nytt finansreglement og rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga. Kvalitetssikringsnotatet følgjer som vedlegg 3. Det vert konkludert med at:

- Finansreglementet stettar krav og retningslinjer slik at forholdet til lover og reglar vert ivareteke.
- Rutinar for finansforvaltning, sett i samanheng med forslag til nytt finansreglement, legg rammer for utøvinga av ein finansforvaltning som er i tråd med krav og retningslinjer i finansforskrifta.

Finøk AS presiserer at fylkestinget sjølv må gjere endeleg vurdering av dei samla risikorammene og vurdere desse opp mot fylkeskommunen si økonomiske evne til å bere risiko.

### **Rapportering**

Dersom fylkestinget vedtek framlegg til finansreglement vil det også få følgjer for fylkesrådmannen sin rapportering. Fylkesrådmannen vil før første rapportering etter det nye reglementet gå igjennom rapporten og gjere naudsynte endringar og tilpassingar.

### **Konklusjon/tilråding**

Fylkesrådmannen har utarbeidd framlegg til nytt reglement og rutinar for finans- og gjeldsforvaltninga. Fylkesrådmannen meiner at reglar og rammer i kommunelova og retningslinjer i finansforskrifta er følgt opp i finansreglementet. Dette er også stadfesta av Finøk AS i sitt kvalitetssikringsnotat. Fylkesrådmannen vurderer at framlegget til nytt finansreglement legg opp til ei finans- og gjeldsforvaltning som gjev tilfredstillande forventa avkastning utan vesentleg finansiell risiko.

Fylkesrådmannen tilrår at nytt finansreglement med tilhøyrande rutinar vert vedteke med verknad frå 1.januar 2017.